

## Kommentar til KU til KPA - enduroområde på Nesmoen

Motorsportgruppa i Bygland IL registrerer at kommunen i si konsekvensutgreiing av innspel til kommuneplanen sin arealdel innstillar negativt til å ta med enduroområdet på Nesmoen vidare i planprosessen. Vi er svært ueinige i vurderinga til kommunen, og føler at vi vert nøydde til å kome med eit svar for å belyse saka grundigare.

Initiativtakarane stiller seg undrande til heile prosessen. Når vi starta opp i 2017 vart vi oppfordra av kommunen til å lage ein reguleringsplan og få til noko som var positivt for bygda. Dette vart diskutert med representantar frå kommunen utforbi friviljugheitssentralen etter eit møte kommunen hadde med lag og foreningar, der målet var å syne at kommunen skulle vere støttande og fremje friviljug arbeid. Vi vart òg oppfordra til å vente til at kommuneplanen vart rullert. Den gong ville vi få dette til raskt, så vi gjekk i gang med ein reguleringsplan utan at kommuneplanen var påtenkt. Vi hadde møter med fylkeskommunen, statsforvaltaren og kommunen. Ingen var negative til prosjektet. Vi fekk og eit tilskot frå kommunen på 50 000 kroner til arbeidet (PS41/20).

### **PS 41/20 Søknad om tilskot til reguleringsplanarbeid i forbindelse med endurobane på Nesmoen**

**Formannskapet si handsaming av sak 41/2020 i møte den 06.05.2020:**

#### **Handsaming:**

Endringsframlegg frå Senterpartiet: Det blir løyvd kr. 100.000. i høve etablering av Endurobane.

Dekning: 50 000 frå kulturmidlar og 50 000 frå næringsfondet.

Framlegg frå ordførar: Bygland kommune løyver kr. 50 000 av kulturmidlane i høve etablering av Endurobane

Røysting over framlegget frå ordførar mot framlegget frå Senterpartiet: Framlegget frå ordførar fekk 3 røyster og blei vedteken.

Signe S. Haugå og May Brit Stenjør røysta for framlegget frå Senterpartiet).

#### **Vedtak:**

Bygland kommune løyver kr. 50 000 av kulturmidlane i høve etablering av Endurobane

Å lage ein reguleringsplan er eit stort arbeid, og vi er vel nå oppe i ca 1000 dugnadstimer. Vi har ein reguleringsplan som er klar til å sendast inn, og idrettslaget har vel brukta ca 80 000kroner på konsulentar ift ras og støy. Vi har laga full KU etter krav frå kommunen (ikkje fylke eller statsforvaltar), samt ROS-analyse av tiltaket. Alt dette er overlevert (berre til orientering, ikkje "formelt" innsendt) i papir til sakshandsamar i kommunen. Kommunen har full informasjon over detaljane i prosjektet, og vi har både hatt foredrag, sendt inn prosjektplan og ørten møter og søknadar gjennom åra. Kommunen har oppfordra oss til å spele inn området i kommuneplanen, og oppfordra oss til å lage reguleringsplanen. Under er utdrag frå møtereferat 24.06.2020 (øverst) og møte 05.10.2018 (nederst) som bekreftar dette.

- Bygland kommune kom med ei tilråding om at visst arealet vart lagt inn i den nye kommuneplanen, så har kommunestyret førehandsvedteke at arealet kan nyttast til den type aktivitet.
- Visst det ikkje er ynskjeleg å vente til ny kommuneplan, så må kommunen be om at planprosessen vert starta på nytt. Det har vore fleire heimelsoverdragingar i mellomtida frå 2018 til nabovarselet vart sendt i juli 2019 og offentleggjort i media april 2020 – det er nokre som ikkje har motteke nabovarsel.

Kommunen ynskjer at planprosessen får ein så god start som mogleg, slik at ein kan unngå å bli «tatt» for sakshandsamingsfeil.

---

#### Utdrag frå oppstartsmøte 05.10.2018

---

Det vart tala om:

- Innsendt planområdet ligger som LNF-område i kommuneplanen – kommunen er positive til utarbeiding av reguleringsplan.
- Søkjar må ha tiltaksklasse 2 for å kunne søkje om dispensasjon frå arealføremålet.
- Krav til avkjørsel, sikt og kurvatur.
- Støyproblematikk – utføring av støymålingar.
- Delar av planområdet ligger innanføre utløpsområdet for steinsprang og innanføre aktsomhetsområdet for jord og flomskred – her må det gjerast vurderingar i samband med planarbeidet i form av «friskmelding» av området eller utarbeiding av ROS analyse.
- Sikkerheita rundt skyttarbanen
- Reguleringsplanen må utarbeidast i sosi 4.5 og med gjeldande produktspesifikasjon
- Reguleringsplanen må tildelast Planid – planleggjar kan kontakte kommunen for å få det.
- Digitalt kartgrunnlag kan bestillast via Ambita.

Vidare vart det informert om at prosjektet må liggje inne i IFK-planen til kommune for å kunne søkje om spillemidlar. IFK-planen skal reviderast i år, og dei vert råda til å sende inn prosjektforslaget til kommunen v/ kontaktperson for kultur Merete.

Bygland kommune leverer naboliste og liste over off. instansar samt div. rettleiingar til kontaktperson i prosjektet; Eivind Dalseg.

Plan, miljø og ressursutvalet tok stilling til oppstartsmeldinga av planarbeidet 15.09.2020 (som for øvrig fortsatt er eit gyldig vedtak etter forvaltningslova, der grensa er 3 år).

## MELDING OM VEDTAK

### **Innspel til varsel om oppstart av planarbeid for Nesmoen endurobane**

I møte til Plan, miljø- og ressursutvalet den 15.09.2020 vart det vedteke følgjande:

**Vedtak:**

*Bygland kommune er positive til at det blir starta opp reguleringsplanarbeid for endurobane.*

*I den vidare utarbeidinga av reguleringsplanen for Nesmoen Endurobane må det bli gjort ei nærare vurdering / utgreiing av konsekvensane for vilt og fugl, støy og ROS analyse. Det må også bli sett føremålsavgrensingar i plankartet for kva områder som skal nyttast til ulike føremål som t.d motorsport / løyper, kva områder som framleis skal vere LNF-område samt areal til anna infrastruktur anlegget vil krevje, som t d område for parkering, bygningar, vatn / avlaup m v. Tiltakshavar blir oppmoda til å vurdere om delar av areala langsmed Rv 9 kan regulerast med føremål næring.*


Vedlagt fylgjer heile saksframstillinga med protokoll.

Med helsing  
Bygland kommune


Inger Siri Lidi  
Ingeniør plan og oppmåling

Vi er svært skuffa over at kommunen nå siktar på å slå bein under prosjektet vårt, som dei sjølve har vore med på å oppfordra oss til. Såvidt vi kan sjå går det jo på tvers av eit gyldig politisk vedtak og. Under har vi skrive opp våre kommentarar til konsekvensutgreiinga, og dei vurderingane som er gjort der. Vi håpar at innstillinga kan endrast, og at vi kan få til noko positivt for innbyggjarane i kommunen!

## 122 - Nesmoen

Gnr/bnr: 35/2	<p>Kart med innspelet</p> 
Stad/plassering: Nesmoen	
Dagens formål: LNF (strandsoneplanen)	
Foreslått formål: Idrettsanlegg	
<b>KOMMENTAR:</b> I reguleringsplan er det foreslått kombinert formål LNF/Motorsport. Ikkje idrettsanlegg.	
Arealstorleik: 1884 825 m2	
<b>KOMMENTAR:</b> Me har i tidligare møter med kommunen blitt anbefalt og halde teigen som me ynskjer å regulere for motorsport som ein teig og ikkje begynne å dele opp for mykje. Det vil ikkje være gunstig for formalet å berre skulle spesifisere gitte trasé. Store delar av arealet er ikkje mogeleg å nytte seg av då det er svært bratt og ulendt. I realiteten vil me nytte oss av eit langt mindre areal enn slik det ser ut på kartet.. Det vil og verte naturlege omsynssoner som følgje av rasområder, eventuelle kulturminner og naturomsyn. Vi er avhengige av å ha eit stort areal for å kunne arrangere løp, der løypene bør ha ei lengde på 10 km. Flytting av traséar undervegs kan og verte naudsynt då det er vanskeleg å vite kor holdbare løypene er. Ein ynskjer og å sjå på moglegheitene for å kombinere med andre idrettar, som t.d. Trial, downhill o.l. Som kan bruke areal utover det vi ser som gode enduroløyper. Samstundes kan det ved ulykker og liknande vere naudsynt å kome inn i området med 6 hjuling osv frå enden av skridvarfossvegen, samt at her er etablerte hogstflater og traktorvegnett.	
Forslagsstillar: Bygland IL/Bygland kommune	
Beskriving av innspelet: Innspelet om å nytte området til enduro/trial i regi av Bygland IL. Området skal vere tilgjengeleg for å kunne nyttast av allmennheita i tråd med NMF sin reglar og retningslinjer. Det er ikkje tenkt større inngrep eller opparbeiding av terreng i området. Lause hinder og rydding av skog er aktuelt. Det er aktuelt med utviding av parkeringsarealet ved dagens skytebane og moglegheit for å sette opp eit mindre lagerbygg i tilknytning til dette. Eksisterande avkøyring til skytebanen vil bli nytta etter avtale med grunneigar.	



<p>Beskriving av området:</p> <p>Området består av skogsmark og ligg på austsida av Byglandsfjorden. Det er relativt kort avstand til sentrumsfunksjonar og med enkel tilkomst via rv9. I nærleiken er det industriområde, hoteldrift, utleigehytter, skytebane og fritidsbustader.</p>	Flyfoto med kommuneplanen og innspelet	
<p>0-alternativ:</p> <p>Området blir i hovudsak verande som i dag, men det er forslag om å etablere nytt næringsområde i nærleiken av rv9.</p>		
tema	Konsekvens	Beskriving
Fysiske forhold		
Landskap og primærnærings	---	<p>Tap av produktivt større skogareal av lav til høg bonitet. Vil kunne påverke drift av skog. Interessekonflikt vil kunne oppstå mellom enduroaktivitet og primærnæringsinteresser.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b></p> <p>Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med primærnærings. Det er ikkje tiltenkt større hogst eller opparbeiding av crossbane i området. Køyning foregår i lite opparbeidde løyper på skogsbotn. Det kan vere aktuelt å rydde enkelte tre, men et er på enkeltnivå. Ellers kan det utplasserast lause hinder som enkelt kan fjernast om dei står i vegen. Det er kun næringsarealet som kommunen har lagt opp til som vil redusere skogsbruksarealet. Tvert i mot vil er eksisterande traktorveggar fine å køyre enduro på. Å få området i bruk vil medføre at Bygland IL i stor grad vil vedlikehalde eksisterande traktorveggar, og såleis vere positivt for primærnæringsane.</p>
Naturmangfald	---	<p>Registrert leikområde for storfugl inn mot grense i sør. Registrert nært trua artar som gubbeskjegg, svartsonekjuka og lodnevaniljerot. Ligg inne miljøfigurar i skogsbruksplanen i Urvika. Vil påverke hjortevilt og fugl. Ev. regplan må krevje KUpå naturmangfald.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b></p> <p>Gubbeskjegg, svartsonekjuka veks på tre og er ikkje i konflikt med formålet, då desse kan få stå heilt i fred. Det er òg registrert lav og gråspetteir. Desse kan ein enkelt halde seg unda, og ta omsyn til i reguleringsplanen. Reiret er registrert i brattaste steinura mot fjorden. Vil og merke at registreringar er gjort i forbindelse med potensielt friviljug skogvern, der statsforvaltaren vurderte området til å ikkje ha stor nok verdi til å gå vidare med området. I reguleringsplanen er det planlagt redusert aktivitet i kalvingstid, samt i jaktperiodane.</p>
Kulturminne og kulturmiljø	-	<p>Der ligg eit kulturminne i austleg del av teigen. Gamal støyli.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b></p> <p>Støylen er kun registrert, og har ingen form for vern anna enn at den er registrert som del av eit slags oppslagsverk (på nivå med ting som står oppført i f.eks. ei bygdebok).</p>

Stadkvalitetar	-	<p>Ev. køyring vil påføre området sporsetjing og bruk som vil vere mindre attraktivt med tanke på friluftsliv, jakt m v.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Området skal ikkje nyttast i jaktperioden frå 15. september til 1. november. Det er lagt føresegner for dette i regplan. Det vil derimot opparbeidast løyper og stiar som veldig fint kan nyttast til turgåing. Det vil sjølvsagt vere mindre attraktivt når aktiviteten pågår, men dei 5-6 andre dagane i veka vil det verte fine turstiar å gå/sykle på.</p>
Blågrøn faktor	--	<p>Myr og kantsoner i området må taksast vare på.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Det er heller ikkje morro å stå med ein endurosykkel som sit fast i myrene, eller der det er blautt. Så her er vi heilt einige. Våte parti må dekkast til der ein absolutt må over, ellers vil ein unngå myrer/våte parti så langt det lar seg gjere.</p>
Miljøfaktorar		
Forureining og klimaavtrykk	---	<p>Vil kunne gjeve støy for omkringliggjande areal med overnattingsverksemdar m v.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Støyvurdering konkluderar med same støynivå ved eit enduroløp på 150 sykklar som når ein lastebil kjem forbi på riksvegen. Enduro har støykrav til syklane i motsetning til crosssyklar. Syklane er registrerbare på veg, og har same krav som vegsyklar. Næringsareal og fritidsbustader er ikkje støysensitive bygningar i følge plan- og bygningslova. Vi har derimot hatt eit møte med hotellet, og vil prøve å legge treningstider og trafikken slik at det ikkje vil vere for mykje til bry. Eksempelvis ynskjer hotellet at mest mogleg av aktiviteten foregår lengst nord i området, eventuelt på "heia". Ellers er elektriske sykklar på full tur inn i sporten, så om 10 år vil nok støy ikkje vere eit problem. Ellers vil arrangement knytt til området òg kunne vere positivt for hotellet i form av arrangement, treningshelger osv. Vi har som mål å arrangere eit løp i året viss vi får på plass området. Dette vil sannsynlegvis trekke 200-500 menneske. Løpet som går føre seg i Froland har ca 200 deltakarar pluss familie, støtteapparat og tilskodarar.</p>
Stråling	0	Ikkje relevant
Støy og vibrasjonar	--	<p>Tiltaket vil generere støy og ulempe for omgjevnadane. Må spesielt sjå på støy i kombinasjon med eksisterande turist- og reiselivsanelegg, hotell og utleigehytter.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Sjå kommentar ovanfor ang. støy. Støyvurdering er tidlegare oversendt til kommunen. Synar ellers til at det er både skjøtebane, riksveg og massetak i nærområdet.</p>
Luftkvalitet	0	Ingen konsekvens.
Sosiale faktorar		
Området sin attraktivitet	+++	Relativt sentrumsnært. Kort avstand til hotellovernatting. Eit så stor område kan bli eit fantastisk flott arena for Endurosporten og kan bli ein attraksjon langt utom landets grenser.
Moglegheit for deltaking, inkludering og trivsel	-	<p>Aktiviteten er ein relativ eksklusiv og dyr hobby/aktivitet. Det kan og tenkast at ein gjennom idrettslaget kan skape eit breiare miljø med låne/leigesyklar. Vanlegvis er slike miljø for dei spesielt interesserte og relativt lite.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Enduro er ein fin idrett, og vi kjenner til mange, særleg unge som har sykklar i kommunen. Vi har òg kjennskap til mange som ville brukt området av lokale, litt eldre. Noko av grunnlaget for å få til eit område er å skape ein arena for born, unge og gamle som kanskje har andre interesser enn vanlege idrettar som t.d. fotball. Sporten vil fange mange som har interesse for motor og køyretøy. Der er nok fleire "spesielt interesserte" enn kommunen trur. Crossmiljøet på Evje har over 100 medlem, og dei starta opp etter oss. Skilnaden er at dei har ein bane. Så er det jo slik at sporten kostar, det kjem vi ikkje unda, men som kommunen skriv, er planen å søkje om midlar til innkjøp av nokre barnesyklar som medlem av idrettslaget kan bruke på treningar. Vi ser på enduro som eit godt tilskot til fritidstilbodet i kommunen, og noko for dei som "fell utanfor" normale idrettar.</p>
Samfunn og livsstilsfaktorar		
Risiko og sårbarheit	-	<p>Det er naturfare i området- må evt. Avklarast i ein detaljplan for området.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b> Det er gjennomført rasvurdering i området. Synar til rapport oversendt til kommunen. Dette er ikkje ei utfordring for tiltent bruk.</p>

Teknisk infrastruktur	-	<p>Det ligg teknisk VA-infrastruktur nær til området som vil kunne utvidast. Det gir ein kostnad for tiltakshavar eller kommune.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b>          Dette var snodig å ta opp, men vil jo eventuelt vere aktuelt om ein skal legge inn vatn og avløp. Samstundes vil det vere positivt å få til eit samarbeid med skyttarlaget, då der heller ikkje er innlagt vatn.</p>
Mobilitet/kortreist kvardag	0	Ikkje relevant.
Naturområde og friareal	-	<p>Arealet gir høve for rekreasjon for dei med motorsport som hobby. Enduroverksemd kan redusere andre former for rekreasjon og fysisk aktivitet for andre brukargrupper i område.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b>          Bygland kommune har store areal og etablerte turstiar. Ingen av desse er innanfor området, eller i umiddelbar nærleik. Kommunen har store areal til fritidsbruk, og som beskrive tidlegare kan enduro føre til at det vert etablert greie turløyper i området. Om ein skal avgrense alle areal på grunn av at folk skal gå tur i alle LNF-område (98% av kommunen eller noko slikt?), vert det lite som kan gjennomførast i denne kommunen.</p>
Transportbehov	-	<p>Ein må anta at det blir bruka motorisert ferdsel til og frå området. Området ligg nærme Bygland sentrum, men der er pr nå ingen G/S-veg til Nesmoen.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b>          Det er veldig få som vil gå/sykle til endurotrening, då du som regel må ha med deg sykkelen på eit vis, G/S-veg er difor nokså irrelevant utanom større arrangement. Om trafikken til skjøtebanen vert auka med 10-20 bilar i veka sommarhalvåret, så er vel det nokså ubetydeleg slik vi vurderer det.</p>
Konsekvensar for næringslivet	-	<p>Det er vanskeleg å sjå korleis dette vil gi verdiskaping for Bygland ut frå dei opplysningar som er komne inn. Ein kan tenke seg at eit så stort område kan gi stor aktivitet, men denne typen aktivitet kan og bli ekskluderande for andre aktivitetar.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b>          Området skapar attraktivitet for kommunen, samt gir moglegheiter for næringsutvikling på sikt. Om nokon ynskjer å starte utleige av sykklar og guida turar i området, så er strukturen på plass. Ellers vil arrangement, treningshelgar osv gi positive ringverknadar for både hotell, butikkar og potensielt campingplassar. Støyen kan sjølvsagt vere plagsom ift. hotellet, men her ynskjer vi eit samarbeid for å legge til rette for bae aktivitetar (derfor vi har hatt møte med dei). Delar av terrenget kan og tenkjast at kan tilretteleggjast for eksempelvis downhill eller liknande idrettar. Det er for øvrig sendt inn mykje informasjon om dette til kommunen, så opplysningane har dykk. Vi registrerar for øvrig at kommunen ynskjer å nytte arealet som vi har satt av til barneløyper (pga flat mark) til næringsareal. Grunneigar er negativ, og ynskjer ikkje næringsareal der. Han ynskjer derimot enduro velkomen. Ellers vil næringsareal sannsynlegvis føre til meirkostnader for oss, då dersom ein finn kulturminner i området, må desse frigjevast. Vi har stilt spørsmål om kommunen i så fall vil dekke dette, men fått signal om at det vil dei nok ikkje. Ellers har planen vore å teikne sirklar rundt desse, og la dei vere i fred, men skal ein oppføre næringsbygg, må f.eks. kokegroper gravast ut av arkeologar og daterast.</p>
Overordna føringar		
Samsvar med overordna arealprinsipp	++	<p>Med bakgrunn i arealstrategien sitt kulepunkt 1, så ligg det til rette for ein nærare vurdering av innspelet.</p> <p>Mål i kommuneplanen sin samfunnsdel:          Alle innbyggjarane har moglegheit til å delta på fellesarenaer for kultur, idrett og friluftsliv.</p>
Samla vurdering og eventuelle alternativ		
<p>Det er eit stort areal som er spelt inn, det er lite detaljar og opplysningar om kor mykje av arealet som verkeleg vil bli rå ka. Med omsyn til at arealet ligg nær til eksisterande reiselivs og turist verksemd og utfordringar med støy, samt at det er fleire registreringar i Naturbasen vil ein etter ei totalvurdering tilrå at innspelet slik det ligg føre no ikkje blir teke med vida re inn i kommuneplanen.</p> <p><b>KOMMENTAR:</b>          Vi stiller oss kritiske til at ein gøymar seg bak "manglande opplysningar," då vi har sendt inn fleire søknadar, levert utkast til regplan, halde foredrag for kommunen med tankane, delteke i fleire møter og sendt mange epostar om desse temaane. Naturregistreringane er nye, og må justerast for i planutkastet, men vi ser ikkje at dette kan vere i stor konflikt med det vi ynskjer å få til. Vi ynskjer berre å bidra positivt til utviklinga av bygland kommune som ein attraktiv stad å bu og opphalde seg. Vi foreslar å få til noko som vil vere unikt her i dalen, og vil sette oss på kartet i nasjonal samanheng (få areal som er så bra som dette). Norges motorsportforbund har gitt oss tilskot til prosjektet, og brukte oss faktisk som framsidebilette i si årsrapportering her tidlegare.</p>		
Konklusjon		
Innspelet blir ikkje tatt med vidare i planarbeidet.		
Oppfølging (avklaringar/utgreiingsbehov) i vidare planarbeid og avbøtande tiltak		













Hei,

Kan du legge denne inn som høyringsvar på KPA i Elements.

Dette er fyrste høyringssvaret som kjem før saka er sendt ut på høyring – rykte går

Med venleg helsing

**Aslak Jørundland Brekke - aslak.brekke**

Leiar samfunnsutvikling/ass. kommunedirektør

E Aslak.Brekke@bygland.kommune.no

Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland

E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 |

www.bygland.kommune.no

**Fra:** Eivind Dalseg <edalseg@gmail.com>

**Sendt:** tirsdag 27. juni 2023 14:01

**Til:** valdemarskreland@gmail.com; Knut kasin <Knutkasin@gmail.com>; Aslak Jørundland Brekke <Aslak.Brekke@bygland.kommune.no>

**Emne:** Enduroomårde på Nesmoen

Hei

Synar til telefonsamtale med Knut tidlegare i dag. Her er våre kommentarar til KU.

Med tanke på hogst, så er tanken å regulere området med kombinert formål

LFNR/Motorsport. Slik sett er det ikkje noko utfordring/kollisjon med bruken av området.

Utklipp frå regjeringa sin rettleiar for reguleringsplan:

I reguleringsplan kan man kombinere arealformål for samme areal; både hovedformål og underformål, også underformål fra ulike hovedformål kan kombineres så sant det ikke er motstrid mellom formålene når arealbruken finner sted. **Kombinasjon av formål kan brukes både for å regulere virksomhet som skal foregå samtidig, og for å fastlegge tidsrekkefølge på ulik arealbruk innenfor samme areal.**

Ellers tykkjer me jo at me har eit område som er fornuftig å tenke enduro i. I utgangspunktet er det veldig lite terrenginngrep, stort sett på same nivå som etablering av turstiar. Vi hadde nok ikkje hatt same diskusjonen/haldningane om vi skulle etablere turstiar, sjølv om naturinngrepet er nokså likt, og i nokre tilfeller større (eksempelvis skjerpastiar på hovden). Arealet ligg nokså sentralt, er berørt i ulike fasar, både av hogst, traktorvegar, skytebane og massetak i nærområdet, slik at om ein først skal bruke eit areal, så får det liten verknad for natur og miljø, kontra om ein skulle funne eit område på heia eller i meir uberørte areal. Slik sett tenkjer vi at kommunen kan oppfyllar forventningane gjeve til klima, natur og miljø i forventningsskrivet frå regjeringa 2023-2027. Det handlar berre om å grunngeve vala ein gjer godt. Lagt ved bilete av ein godt bruka endurosti som eksisterar i området.

### Regjeringa sine forventningar

45. Omstillinga til lågutsleppssamfunnet og bidrag til oppnåing av klima- og miljømåla blir prioritert gjennom arealplanlegging som reduserer utslepp, arealbeslag og transportbehov. Regjeringa oppfordrar kommunane til å setje seg mål for å redusere nedbygginga.
46. Det blir lagt til rette for energieffektivisering og fleksibel energibruk i næringsliv, hushaldningar og offentlege bygg.
47. Ved revidering av arealdelen i kommuneplanen, vurderer kommunen om tidlegare godkjend arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnsryggleik og eit føremåstenleg utbyggingsmønster.
48. Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr, tidevassump og andre typar våtmark og skog, blir så langt som råd unngått, slik at ein held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon.
49. Fortetting og transformasjon av bustad- og næringsområde blir vurdert før nye, større utbyggingsområde blir sette av og tekne i bruk.
50. Regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og overordna transportløysingar blir fastsette i regionale eller interkommunale areal- og transportplanar. Planane tek omsyn til regionale og lokale føresetnader og utbyggingspress.
51. Klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy blir redusert ved å leggje til rette for kollektivtransport, sykkel og gåing, effektiv arealbruk og avgrensa sentrumsområde og tettstader.
52. Det blir lagt til rette for ein god ladeinfrastruktur, blant anna ved å avsetje tilstrekkelege areal til etablering av hurtiglading for både lette og tunge køyretey.
53. Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagt vekt på.
54. Omsynet til verdsarverdiene blir sikra gjennom heilskapleg samfunns- og arealplanlegging.
55. Arealbruken i strandsone langs sjøen og i og langs vassdrag blir vurdert i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv. Det blir lagt til rette for ei meir differensiert forvaltning av strandsone med større moglegheiter til næringsutvikling og busetjing i spreiddbygde strøk langs kysten i sone 3 i planretningslinjene for strandsone.
56. Regionale og kommunale planar legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark. Utbygginga blir avgrensa mot samanhengande natur- og friluftslivsområde og viktige område for landbruk, reindrift og andre næringar, blant anna gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.
57. Potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Ein bør unngå ny fritidsbusetnad i og over skoggrensa og på myr.
58. Leveområda til villreinen blir sikra, og vedtekne regionale planar for villreinfeila blir oppdaterte i samsvar med ny kunnskap og følgde opp i den kommunale planlegginga.
59. Kommunane bidreg til gode miljøforhold i og langs vassdraga gjennom deltaking i arbeidet med vassområda, gjennomføring av miljøtiltak og god arealforvaltning. Bruks- og verneverdiene i vassdraga blir sikra i planlegginga, og ein reduserer nedbygging av vassdragsnatur og utfylling i vassdrag.
60. Planlegginga bidreg til å sikre naturverdiar og god miljøtilstand i vatn, blant anna ved å unngå å planleggje for byggjetiltak i våtmark når det finst gode alternativ.
61. Samfunns- og arealplanlegginga blir samordna med planlegging av vassforsyning og avløp, medrekna overvasshandtering og vurdering av naturbaserte løysingar.
62. Fylkeskommunane og kommunane i nedbørsfeltet for Oslofjorden følgjer opp heilskapleg tiltaksplan for ein rein og rik Oslofjord i arealplanlegginga.

Mvh  
Eivind  
Knut  
Valdemar  
På vegne av motorsportgruppa i Bygland IL